



## Skjema for konkurranse som skal i KGV

Her er ein oversikt over kva informasjon vi må ha for å legge ein konkurranse inn i KGV. Dette må fyllast ut av den som skal kjøpe inn varer/tenester.

Kva skal kjøpast?	Kjøp av teneste for istandsetting og oppgradering av buforvegar, stiar og murar i Mørkridsdalen landskapsvernområde.
Tittel på konkurransen	Istandsetting og oppgradering av buforvegar, stiar og murar i Mørkridsdalen landskapsvernområde.
Skildring av innkjøpet/oppdraget	<i>Sjå nedanfor.</i>
Anslått verdi (max)	<i>Terskelverdi – inntil 1 000 000, - eks mva.</i>
Kontakt	<i>Nasjonalparkforvaltar Aina-Elise Stokkenes Postadresse: Breheimen nasjonalparkstyre, Postboks 987, 2626 Lillehammer Besøksadresse: Rådhuset i Gaupne, 6868 Gaupne E-postadresse: Telefon: 57643013/41624301</i>
<b>Tidsfristar</b>	
Kunngjering	15.05.2023
Spørsmålsfrist	05.06.2023 kl.12.00
Tilbodsfrist	12.06.2023 kl.12.00
Vedståelsesfrist	12.08.2023
Tildeling	14.06.2023
<b>Kvalifikasjonskrav</b>	
1. Arbeidserfaring med stiarbeid i verneområde, evt. andre naturområde	<i>Leverandør skal dokumentera relevant erfaring frå tilsvarande arbeid. Liste over inntil tre (3) relevante leveransar dei siste tre åra, som viser korleis arbeidet er utført og omfanget av arbeidet. Last opp vedlegg dersom tekstfeltet blir kort.</i>
2. Relevant erfaring med murarbeid i verneområde evt. andre område	<i>Spesifiser tre (3) tidlegare oppdrag og legg ved tre (3) referansar, som viser korleis arbeidet er utført og omfanget av arbeidet.</i>
3. Skatteattest	<i>Leverandøren leverer skatteattest for merverdiavgift og skatteattest for skatt. Skatteattesten skal ikke være eldre enn 6 måneder regnet fra fristen for å levere tilbud.</i>
<b>Tildelingskriterie</b>	
Pristilbud	



1. Timepris manuelt arbeid	<i>Her skal du skrive timepris for manuelt arbeid i heile kroner, eksklusiv mva. Reisetid og reisekostnad må vera inkludert i timeprisen.</i>
2. Timepris sag	<i>Her skal du skrive timepris for arbeidet med motorsag/ryddesag eksklusiv mva. Drivstoff/driftsutgifter, reisetid og reisekostnad må vere inkludert i timeprisen.</i>
Personell	<i>Kompetanse og erfaring til personell som skal utføra oppdraget. Nasjonalparkstyret kan også bruka egne røynsler med tilbydar.</i>
Utstyr	<i>Her skal leverandøren skriva kva type utstyr som er tilgjengeleg for å utføra arbeidet.</i>
Miljø	<i>Her skal leverandør skriva korleis ein tek miljøvenlege omsyn i sitt arbeid.</i>
Invitasjonsbrev	<i>Breheimen nasjonalparkstyre invitera interesserte tilbydarar til å delta i konkurranse om kjøp av teneste for istandsetting og oppgradering av buforvegar, stiar, og murar i Mørkridsdalen landskapsvernområde.</i>

Anbudet er kunngjort på Doffin, SognAvis og på heimesidene til nasjonalparkstyret . Det vert gjort oppmerksom på at tidspunkta etter tilbudsfristen er foreløpige og kan verta justert noko. Ein eventuell forlenging av tilbodets vedståelsesfrist kan bare skje dersom leverandøren godkjenn dette.

### **Oppdragsskildring- Istandsetjing og oppgradering av buforvegar, stiar og murar i Mørkridsdalen landskapsvernområde**

Oppdragsgjevar er Breheimen nasjonalparkstyret. Meir informasjon om Breheimen nasjonalparkstyre finn ein heimesida: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen/>

Nasjonalparkstyret har årleg arbeid med istandsetjing av stiar/buforvegar i verneområdet. Dei komande åra er det også aktuelt å setja i stand det gamle steingjerdet på Dulsete. Arbeidet på buforvegar/stiar vert prioritert både for å få fram dyr på beite og for å legge betre til rette for ferdsel i området. Nasjonalparkstyret får årleg løyving av tiltaksmidlar over statsbudsjettet. Val av tiltak som kan setjast i gong er avhengig av løyvde midlar det einkilde året, og kan variere frå år til år. I 2023 er det planlagt å vidareføre arbeidet med istandsetjing av buforvegen i Mørkridsdalen mellom Dulsete og Hyrnevollen. Dersom det er kapasitet innanfor budsjetttråma kan det vera aktuelt å utføra arbeid på fleire stiar.

Buforvegane/stiane ligg i Mørkridsdalen landskapsvernområde, som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar.

Det kan ikkje nyttast køyretøy på buforvegane/stiane. Skjolden vil vera utgangspunkt for reise til tiltaksområda der arbeidet skal utførast.

Det kan sendast tilbod på heile eller delar av tilbodskonkurransen. Det kan bli aktuelt å skrive avtale med fleire tilbydarar.

Det er moglegheit til å gje tilbod på fylgjande delar:



**Breheimen  
nasjonalparkstyre**

1. Murarbeid
2. Stiarbeid

Type arbeid:

Istandsetting av buforveg og sti:

- Reinske grøfter og leia vekk vatn frå buforveg/sti.
- Rydding av tre og busker langs buforveg/stitråse for å halda breidda på buforveg/sti og for omlegging av stien på aktuelle punkt.
- Arbeidet skal utførast manuelt, men med bruk av handreiskap som motorsag og ryddesag.

Muring og steinsetting av buforvegar og stiar

- Reinsking av grøfter og bortleiing av vatn.
- Fjerning av store steinar og berg i dagen frå traseen.
- Legging av stein evt. klopper i våte og opptrakka parti der det er beste løysing.
- Fjerna vegetasjon som har vakse utover murane. Det skal revegeterast etter murarbeid.
- Vedlikehald av mur i vegfot, muringsarbeid.
- Vurdere sikring mot elv i utsette parti.
- Fjerne gamle boltar som ikkje lenger har nokon funksjon.
- Stein kan plukkast frå området. Dersom det ikkje er stein tilgjengeleg nær stien, kan stein fraktast til området med helikopter, med atterhald om løyve frå grunneigarar og nasjonalparkstyret om uttak av stein.
- Det kan nyttast frostsprenging/ekspansjonsmasse for deling av steinar.
- Det kan nyttast boremaskin og boltar for å sikre murar eller feste trinn der det vert vurdert som beste løysinga. Val av løysing må avklarast med verneområdeforvaltar.
- Arbeidet skal utførast manuelt.

Restaurering av steingjerdet på Dulsete:

- Manuell muring.
- Ta ned del for del, for så å byggje oppatt gjerdet slik det var tidlegare.
- Så langt som råd, skal ein nytte stein som tidlegare har vore brukt i gjerdet og som ligg ved gjerdet og i grunnen under gjerdet.
- Det skal revegeterast etter at kvar delmur (kvart delprosjekt) av gjerdet er sett oppatt slik at ein avsluttar kvart delarbeid for seg.
- Ved behov for henting av stein frå annan stad skal ein først vurdere å hente stein med helikopter frå steinurer ovanfor Dulsete. Det er ein føresetnad at det vert gitt løyve frå grunneigar og Breheimen nasjonalparkstyre til uttak av stein.
- Evt. kan stein fraktast til området med helikopter frå steinurer i nærleiken, frå område utanfor verneområdet, med atterhald om løyve frå grunneigar.

Kostnad med transport av klopper, stein til området kan fakturerast etter avtale.

Detaljar for utføring av arbeidet vert avtalt med leverandør under synføring før oppstart av kvart oppdrag.



Tiltaka føreset godkjenning frå grunneigarane.

Det er usikker kor lang tid det vil ta å utføra oppdraga, og kor omfattande oppdraga er. Arbeidet er mellom anna avhengig av vertilhøve og årlege løyvingar av tiltaksmidlar nasjonalparkstyret. Arbeidsomfanget pr. år vil truleg vera opp til kr. 250 000,- eks. mva. Oppdraget vert lyst ut med atterhald om finansiering over statsbudsjettet i oppdragsperioden. Oppdragsperioden er to år, med opsjon for ytterlegare to år. (2+1+1 år).

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklåre, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar via KGV.

Dersom vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidlast til oppdragsgjevar via KGV.